

BØN
i samband med offer i kyrkjelyden

MADAGASKAR

Gode Gud,
vi ber deg for NMS og arbeidet vi er ein del av saman med Den gassisk-lutherske kyrkja på Madagaskar. Vi takkar og ber for pengane vi har samla inn i dag. Vi ber om at enkeltpersonar og kyrkjelydar tek i bruk talentane til beste for lokalsamfunnet og at menneske må få kjenne di kraft, glede og velsigning. Lat menneske på Madagaskar få mogelegheiter og håp! I ditt navn ber vi; lat riket ditt kome, på jorda slik som i himmelen.
Amen



DETTE ER VI MED PÅ:

- Teologisk utdanning og bibelskular
- Opplæring innan leiing, økonomi og antikorrupsjonsarbeid
- Skular for syns- og hørselshemma
- Landbruksskular med fokus på klima/miljø
- Arbeid etter Use Your Talents-metoden
- Diakonalt storbyarbeid
- Kultur- og kompetansesenteret Lovasoa



DELER TRUA
PÅ JESUS



UTRYDDAR
FATTIGDOM



KJEMPAR
MOT URETT